



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.08.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - L12	14/103

### ORIENTERINGSSAK - UTBYGGING AV STANGHELLE VEST TETTANESSET

#### Vedlegg:

Vaksdal - Endring av reguleringsplan for Tettaneset - Offentleg ettersyn  
Fremdriftsrapport Vaksdal\_juni

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 77/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Vaksdal kommune har engasjert WSP som prosjektleiar for realisering av Stanghelle Vest / Tettaneset bustadområde.

For å gjere feltet meir attraktivt for utbygging er det utarbeid eit framlegg til endra reguleringsplan som no er på høyring. Vidare så er det utført ein lokal marknadsundersøking samt strategi for gjennomføring. Formannskapet vedtok den 14.03.2016:

*Rådmannen får i oppdrag å gå vidare i prosjektet ved gjennomføring av;*

- a. *kommersiell utvikling av prosjektet i tråd med strategi for gjennomføring,*

- b. *planlegging av teknisk infrastruktur,*
- c. *naudsynt grunnerverv for gjennomføring av fyrste byggetrinn.*

*Kostnader for utbygging av teknisk infrastruktur i fyrste byggetrinn skal handsamast i samband med rullering av økonomiplanen 2017 – 2020 og budsjett 2017:*

### **Status framdrift**

Me ligg kring 3 månader etter framdriftsplan. Noko skuldast at omfanget av auke i utnyttingsgrad fører til at den eksisterande planen må omarbeidast for tilpassing til ny planlov, medan noko skuldast bytte av prosjektleiar hjå WSP. På grunn av møteplan for politiske møter 2. halvår, vil dette føre til ein forseinking på om lag 6 månadar. Dette har verknad for milepælar for gjennomføring av konseptutvikling, men ein antar at deler av dette kan takast igjen i løpet av fyrste del av 2017. Revidert framdriftsplan er vedlagt.

### **Reguleringsplan**

Den 24. juni 2016 var det eit møte mellom Fylkesmannen og Vaksdal kommune om utkast til ny reguleringsplan. Fylkesmannen bad om møtet for å drøfte kvaliteten og innhaldet i planframlegget. Fylkesmannen peiker i vedlagte brev av 27. juni på at det for endring av reguleringsplan gjeld same føringar som for ny plan noko som ikkje er gjort. Etter at førre plan vart vedteken er det kome ny plan- og bygningslov som har medført endringar i krav til arealplanar. Reguleringsplanen stetter ikkje desse krava.

Vidare så rår Fylkesmannen til at planen vert utarbeidd som ein områdereguleringsplan då dette gjer den fleksibilitet ein treng i høve til realisering av utbygginga. Ein vil difor kome tilbake til Formannskapet snarast med framlegg til områdereguleringsplan til høyring.

### **Kommersiell utvikling av prosjektet i tråd med strategi for gjennomføring**

Konkurransgrunnlag for kommersiell utvikling av prosjektet er ute på anbod med tilbudsfrist 15. september.

### **Planlegging av teknisk infrastruktur**

Konkurransgrunnlag for planlegging av teknisk infrastruktur er utarbeidd, medan ein ventar med utsending av anbod til ny områdereguleringsplan er utarbeidd.

### **Naudsynt grunnerverv for gjennomføring fyrste byggetrinn**

Kommune har starta opp erverv av grunn, og har kjøpt to tomtar og ein fritidsbustad i regulert område for bustad og/eller veg. Det er inngått avtalte om erverv av grunn til adkomstveg til Tettaneset hjå eigar av ein einbustad, medan ein er i dialog med ytterlegare ein eigar.

### **Kontrahering av utbygger av bustader**

Me tar sikte på å gjennomføre salsmøte med potensielle utbyggjare i løpet av september og oktober.